

Spørsmål om takstauke på ferjene

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt fylgjande spørsmål.

Det er i ferd med å bli eit stort opprør langs kysten på ferjetakstar, særleg ser vi det i Nordland og Møre og Romsdal. Samferdselsministeren er tydeleg på at dette er fylkeskommunane sine eigne vedtak om takstar som avgjer. Medan det somme stader blir vist til at det AutoPass-ordninga er medvirkende til endringa.

Vestland fylkeskommune blir også vist til i nokre av oppslaga.

Og i «Bømlo-nytt» 08.01.20 blir det vist til stor auke i prisen for dei som pendlar med ferje i retning Haugesund.

Det er kjent at Vestlandsrådet ved fleire høve har drøfta saka om AutoPass for ferjer, seinast på møte i november. Der blir det vist til at det var eit møte mellom fylkeskommunane og Vegdirektoratet 3. juli, og at det etter det ikkje har vore nokon «konstruktiv dialog».

Medan statsråden no i mediaoppslag seier han er innstilt på å diskutere forbetringar innanfor AutoPass-ordninga, slik at forbrukaren opplever ordninga meir rettferdig.

Spørsmål:

-Skuldast dei store takstaukene i andre fylke lokale vedtak, og at det er deira måte å dekke inn kostnader med elektrifisering av ferjer?

- Sidan Autopass er eit nasjonalt system, er det då staten som må gjere endringar innanfor korleis takstgruppene er / systemet og kva rabattar som kan bli gjevne?

- Er det innføring av Autopass frå 01.01.20 som gjer at oppslaget om så stor auke for ferjesambandet sør på Bømlo kjem no?

- Kva ferjestrekninger står att å innføre AutoPass på i Vestland fylke? Og kva utslag vil det gje på takstene for innbyggjarane som er avhengig av desse strekningane?

Fylkesrådmannen:

1. Prisane for ferjesamband i tidlegare Hordaland fylke samsvarer med Statens Vegvesen sitt AutoPASS-regulativ for ferjetakstar. Møre og Romsdal fylkeskommune har sett opp prisane for ferje tilsvarande to takstsoner ved overgang til bruttokontraktar og på enkeltamband for å finansiera fleire ferjer på rutene. I Nordland Fylkeskommune vart prisane for ferje sett opp tilsvarande ei takstzone i 2018 og i 2020. I 2018 vart prisane for ferje i Rogaland Fylkeskommune sett opp tilsvarande ei takstzone, men redusert igjen tilsvarande ei takstzone i 2020.
2. Hordaland Fylkeskommune har valt å følgje Statens Vegvesen sitt AutoPASS-regulativ for ferjetakstar. Fylka har rom for å endre prisane ved å endre takstsoner. Som nemnd i fleire politiske saker i 2019, seinast PS 79/2019 (Fylkestinget 01.10.2019) er det ikkje berre regulativet som legg føringar. Kontraktane som er inngått tek utgangspunkt i ei bemanning som er avhengig av den tekniske løysinga. Å gjeninnføra passasjerbetaling vil difor vere kostnadskrevjande innanfor dagens kontraktar.
3. Bakgrunnen for takstauke er overgang til AutoPASS-regulativ for ferjetakstar og brikkebetaling, samt 3,2 % generell takstauke. På nokre samband vert det òg kravd inn bompengar, og der er takstauka noko høgare (grunn at bompengane passasjerane tidlegare betalte no vert betalt av sjåfør). Takstauken gjeld i hovudsak for bil+sjåfør (dei som køyrer aleine i bilen), og ligg då på i overkant av 30 % (varierer frå samband til samband). Dersom ein har med passasjerar, vert det i hovudsak billegare enn før.
4. Alle 7 fylkeskommunale ferjesamband i Sogn og Fjordane følgjer Riksregulativet for ferjetakstar. Nokre av riksvegsambanda har teke i bruk AutoPASS-regulativ for ferjetakstar og brikkebetaling. Takstauken for bil+sjåfør vil vere likt som for Hordaland, på i overkant av 30 % (varierer frå samband til samband).

